

Kommentar til STFV sine motsegner

Motsegner og merknadar

Punkt/omr	Kommentar	Kommentar
Ku/føresegner	<p>Fleire stadar er det nemnt avbøtande tiltak som skal følgjast opp, men desse er ikkje heimla i føresegnene. Kommunen må sjå til at dei avbøtande tiltaka vert innarbeidde i føresegnene og lagde til grunn for utbygging i dei enkelte byggeområda. Ein del av tiltaka kan akseptast under føresetnad av at dei avbøtande tiltaka som er nemnde i KU vert følgde opp, men då må vurderingane med dei avbøtande tiltaka faktisk liggje til grunn og vere innarbeidde i føresegnene. Det må vere samsvar mellom det som er lagt til grunn i konsekvensutgreiinga og det som går fram av andre dokument. Kommunen må ha ein grundig gjennomgang av- og rette opp dette. Vi har motsegn til planforslaget inntil dette er tilstrekkeleg innarbeidd og ivareteke.</p>	<p>Motsegna er teke til følgje. Konsekvensutgreiinga er gjennomgått og alle avbøtande tiltak er no teke til følgje, lagt inn som bakgrunn for plankrav eller som føresegn på det aktuelle området eller generelt.</p>
BFR1	<p>Ifølgje avbøtande tiltak i KU: «Området er allereie prega av ei konsentrert utbygging, og det er difor ikkje naturleg å leggje opp til at nye fritidsbustader skal leggjast lenger frå eksisterande bebyggelse for å oppnå spreidd utbygging. Til det er også området for lite. I så fall bør det setjast ei avgrensing på at det kan byggje ei hytte til». I vurderinga av strandsona står det: «Det vert lagt opp til ei beskjeden utbygging av ei fritidsbustad til og vil dermed ikkje påverke strandsona negativt. Føremålsgrrensa i nordaust bør avgrensast til å gå langs eksisterande bebyggelse/eigedomsgrense». Føremålsgrrensa i nordaust er ikkje endra etter andre høyring. Ifølgje planomtalen opnar planforslaget for fem nye fritidsbustadtomter utan plankrav (jf. side 30). Dette går i tillegg fram av dokumentet «Endring i Arealføremål frå 2. høyring til 3. høyring». Utover dette er vi usamde i vurderinga som er gjennomgåande for byggeområde der ein opnar for ein fritidsbustad: «Det vert lagt opp til ei beskjeden utbygging av ei fritidsbustad til og vil dermed ikkje påverke strandsona negativt», jf. også m.a. SPFR5 og SPFR 20.</p>	<p>Merknaden er teke til følgje. Området er redusert, byggegrensa er trekt tilbake og tal nye fritidsbustadar er redusert frå 5 til 1.</p>

BFR5	<p>Jamfør KU for strandsona: «Ei fortetting med to fritidsbustader til i området kan forsvarast då desse vert etablert lenger unna sjøen enn eksisterande bebyggelse».Både av planomtalen og dokumentet «Endring i Arealføremål frå 2. høyring til 3. høyring» kjem det fram at det blir opna for tre nye fritidsbustadtomter her. Som avbøtande tiltak er det sagt at det skal setjast byggjegrense langs sjø. Byggjegrensa på plankartet går i føremålsgrensa. Vi kan ikkje sjå at byggjegrensa sikrar at dei to fritidsbustadane som er vurderte i KU vert etablert lenger unna sjøen enn eksisterande bygningar. Det er ikkje samsvar mellom vurderingane i KU og det som planforslaget faktisk viser. Vi er sterkt kritiske til dette, og vi ser at det gjeld fleire byggjeområde. Kommunen må følgje opp vurderingane og dei avbøtande tiltak i KU betre enn det som er tilfelle for døma BFR1 og BFR5.</p>	<p>Merknaden er delvis teke til følgje. Det er no satt plankrav på området.</p>
Endring i arealføremål	<p>Her er lista opp kor mange nye bustad- og fritidsbustadtomter det er opna for i B-, BFR-, SPB-, SPFR-, LNFSP-områda og kor mange naust det er opna for i AB-områda, i tillegg til kor mange eksisterande det er i dei ulike områda. For SPB-, SPFR-, LNFSP-områda er føringane frå dokumentet innarbeidde i føresegnene. Dette er ikkje tilfelle for B og BFR-områda. Det må gå fram av føresegnene kor mange nye tomter det faktisk vert opna for i B- og BFR-områda, vi viser til:</p> <p>Det er ikkje plankrav for område B1 Grytøyra, men ifølgje vedlegget «Endring i arealføremål frå 2. høyring til 3. høyring» vert det opna for fire nye tomter i området, totalt 23 tomter med dei 19 eksisterande tomtene. Vi ser at det kan vere plass til fleire nye tomter innanfor avgrensinga av B1.</p> <p>Det er ikkje plankrav for område BFR4 Kysneset, men ifølgje vedlegget «Endring i arealføremål frå 2. høyring til 3. høyring» vert det opna for tre nye tomter i området, totalt ni tomter med dei seks eksisterande tomtene. Vi ser at det kan vere plass til fleire nye tomter innanfor avgrensinga av BFR4.</p> <p>Det er ikkje plankrav for område BFR20 Kysneset, men ifølgje vedlegget «Endring i arealføremål frå 2. høyring til 3. høyring» vert det opna for tre nye tomter i området, totalt 11 tomter med dei åtte eksisterande tomtene. Vi ser at det kan vere plass til fleire nye tomter innanfor avgrensinga av BFR20.</p> <p>For utbygging utan plankrav viser vi i tillegg til avsnittet om samfunnstryggleik og beredskap. Dersom naturfaren ikkje er avklart i kommuneplanen er det krav</p>	<p>Merknaden er teke til følgje. I føresegnene er det teke inn tabell med tal nye einingar som er opna for i kvart område. Det er sett plankrav på ein del områder, desse har vi ikkje satt grense for tal nye einingar då dette best kan avklarast i reguleringsplan. Alle områder er gjennomgått med omsyn til samfunnstryggleik og beredskap, dette har resultert i auka tal områder med plankrav.</p>

	<p>om detaljreguleringsplan for områda. Etter det vi kan sjå gjeld dette fleire byggeområde. Kommunen må ha tilstrekkeleg utfyllande føresegner for alle område der det vert opna for utbygging utan krav om reguleringsplan. Både B-, BFR-, N-, BKB-, AB- og SH-områda har få/manglar i føresegnene, medan det for LNF-spreidd er innarbeidd fleire føringar.</p>	
LNF-spreidd	<p>Vi viser til rettleiar til LNF spreidd frå departementet frå mai 2020 der departementet presiserer at dersom ein skal kunne gå direkte frå kommuneplan til byggesak er føresetnaden at: «alle nødvendige overordnede avklaringer er gjort i vedtaket av arealdelen (i kommuneplanen). I byggesaken skal det kun gjenstå den detaljerte vurderingen av det omsøkte tiltaket på byggetomten, og dokumenteres at tiltaket er innenfor de rammer kommuneplanen og aktuelle sektormyndigheter har fastsatt». I tilbakemeldinga etter arbeidsmøtet 24.03.2020 og i fråsegna vår 17.12.2020 skreiv vi m.a.: «Når kommunen gjennom arealdelen til kommuneplanen ønskjer å leggje til rette for utvikling av bygdene ved å avsetje område for LNF-spreidd, så må ROS-analysen for desse områda vere uttømmmande, noko vi ikkje kan sjå er tilfelle her». Vi kan framleis ikkje sjå at ROS-analysen er uttømmmande, jf. § 5.2 nr. 4, i føresegnene der det står: Ved frådeling innanfor mogleg risikoutsett areal, må ein dokumentere akseptabel tryggleik gjennom fagkunnige undersøkingar og ev. kome med avbøtande tiltak. Kommunen må anten avklare naturfaren i kommuneplanarbeidet eller stille krav om reguleringsplan og avklare naturfaren der. I byggeområda der ulike tema, t.d. støy, naturfare, uteopphaldsareal osv., ikkje er tilstrekkeleg avklarte er det uansett krav om detaljreguleringsplan</p>	<p>Merknaden er teke til følgje. Byggeområder med uavklarte tema er det anten satt plankrav på eller området er justert i høve tema.</p>
SPB3	<p>Vi minner om at det i område for spreidd utbygging skal vere stor nok avstand mellom eksisterande og nye einingar til at det er att brukbare landbruks-, friluftsliv- eller naturområde mellom dei. Kommunen må vurdere om desse føringane vil kunne ivaretaast i alle område for spreidd utbygging, dette gjeld m.a. SPB3. Det vil seie at i område SPB3 Korssund, så må ev. nye bustadtomter lokaliseras i den vestlege delen av området.</p>	<p>Merknaden er teke til følgje. Området er endra til bustad og det er sett plankrav på området</p>
SPFR3	<p>Vi minner om at det i område for spreidd utbygging skal vere stor nok avstand mellom eksisterande og nye einingar til at det er att brukbare landbruks-, friluftsliv- eller naturområde mellom dei. Kommunen må vurdere om desse</p>	<p>Merknaden er teke til følgje. Delen av området med eksisterande fritidsbustadar er sett av til dette. Området aust for</p>

	føringane vil kunne ivareta i alle område for spreidd utbygging, dette gjeld m.a. SPFR3. Det vil seie at i område SPFR3 Kyseneset, så må ev. nye bustadtomter lokaliserast aust for Kjøsnesevegen.	Kjøsnesevegen er framleis SPFR med opning for 3 nye.
SPFR2	Føremålsavgrensinga er flytta nærare sjøen i nord/nordvest i forslaget enn i reguleringsplanen som skal opphevast. Vi viser også til vurderingane under «strandsonen» i KU. Vi krev at byggjegransen vert trekt tilbake minst i samsvar med det som er vist i reguleringsplanen.	Merknaden er teke til følgje.
Byggjegrænse til sjø	BFR1, BFR6, BFR20, BFR21, SPFR2, SPFR5, SPFR7 Byggjegrænse må justerast slik at ho er i samsvar med side 310 i konsekvensutgreiinga dagsett 17.12.2021: «Sjølv om områda er utbygd har ein tatt høgde for at det kan skje utvikling i områda i form av tilbygg, uthus, garasjer og liknande, og byggjegrænse er då sett slik at utvikling ikkje kan skje nærare sjøen enn i dag». Vi kan ikkje sjå at dette er følgt opp i alle byggjeområda. Byggjegrænse på kvar enkel tomt må trekkjast tilbake i samsvar med dette, og slik at det ikkje kan byggjast nærare sjøen enn det som alt er gjort på dei respektive tomtene.	Merknaden er teke til følgje. Både byggjegrænse og føremålsgrænse er justert i nemnde områder.
SPB1 og SPB2	Avgrensinga av nokre av områda for LNF-spreidd bør justerast/avgrensast på grunn av landbruksverdiar. Dette gjeld mellom anna SPB1 og SPB2.	Merknaden er teke til følgje. SPB1 er teke ut og SPB2 er differensiert med eksisterande område for bustad og nytt område for spreidd bustad.
Byggjegrænse langs vassdrag	Det er auka fokus på vassdrag i nasjonale retningslinjer. Vassdrag har uansett eit sterkt vern i naturmangfaldlova, lakse- og innlandsfiskelova, vassressurslova og vassdirektivet til EU. Kommunen må vurdere byggjegrænse langs vassdrag ut frå viktige verdiar, og om dei kan bli negativt påverka. Interessene i og rundt vassdraget skal ivareta. Flekke-/Guddalsvassdraget er verna. Store deler av vassdraget blir kalka, grunna forsuring av anadrom strekkje og innsjøar. Store økonomiske summar vert brukt for å sikre god vasskvalitet for botndyr og fisk i vassdraget. Vassdraget har vore ein del av tiltaksovervåkinga sidan 1995. Laks bruker innsjøane i vassdraget som oppvekstområde (sjå rapport frå tiltaksovervåkinga frå 2020). Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag gjeld i eit område på inntil 100 meters breidde langs sidene av vassdragsbeltet. Vi viser til tilbakemeldinga vår 26.03.2020 og 17.12.2020 der vi sa: «Forvaltningsplanen for Flekke- og Guddalsvassdraget må leggjast til grunn.	Merknaden er teke til følgje. Det er teke ein gjennomgang og sett nærare på alle områder langs vassdraget. O-BOP62- formålsgrænse er flytta vekk frå elva. Alle andre områder som ligg nær elva har plankrav.

	Avstand til vassdrag bør vere i samsvar med forvaltningsplanen for Flekke- og Guddalsvassdraget». Vi kan ikkje sjå at dette er følgt opp	
Nedbygging av myr og klimautsleppsreduksjon	Vi ser kommunen m.a. har sett byggjegrænse kring myra i SPFR61, justert føremålsgrænse fleire byggjeområde, teke ut N43 og forslaget om vidareføring av det eksisterande byggjeområdet på Langedalsmyra. Vi ser positivt på grepa kommunen har gjort med tanke på nedbygging av myr, men det er framleis fleire byggjeområde der det er myrområde. Kommunen må sikre betre at myrområda ikkje blir bygde ned, jf. planstrategien til kommunen. Vi meiner det må stillast krav om at nye tomter og infrastruktur i LNF-spreidd og andre byggjeområde utan plankrav ikkje skal liggje på eller øydeleggje myrområde. For utarbeiding av reguleringsplanar må det stillast krav om at planforslaga skal vise korleis ein skal ta vare på myrområda innanfor plangrensa.	Merknaden er delvis teke til følgje. Det vart i førre høyring gjort eit arbeid med å redusere omdisponering av myrområde ved å justere føremålsgrænser og byggjegrænser. Kommunen har ved dette grepet valgt å prioritere områder der ein ynskjer å hindre utbygging av myr. Eit generelt forbod mot bygging på all myr vil i stor grad vere til hinder for utviklinga i Fjaler då det er svært mange spreidde myrområder som utgjer ein stor del av kommunen. Føresegn tilsvarande siste setning er teke inn.
BA20	Kommunen føreslår å oppheva reguleringsplan for Løykjevika, godkjent 2001. Det er opplyst at ei av ni hytter og ingen av tre bustadar som reguleringsplanen opnar for i området, er bygde. Vi ser positivt på at kommunen legg opp til å oppheva ein 20 år gamal reguleringsplan som ikkje er utbygd, og såleis har vore lite aktuell. Reguleringsplanen er i strid med nasjonale føringar og interesser og i tillegg samfunnsdelen til kommunen. Samstundes som kommunen legg opp til å oppheve reguleringsplanen, er det i same område forslag om å avsetje eit byggjeområde for bustadar og fritidsbustadar (BA20) med plankrav. Dette ligg meir eller mindre i heilskap i byggjeforbodssona langs sjøen og er derfor i strid med gjeldande regelverk. Vi ser av KU under strandsone at: «Området er minst 13 meter frå sjø. Der området ligg nærast sjø er strandsona allereie utbygd. Ei arealendring vil ikkje endre verdiane knytt til strandsona eller allmenta sine interesser til den». Vi er ikkje samde i dette. Ut frå tilgjengelege flyfoto ser strandsona tilgjengeleg ut, og vi meiner både bustadar og fritidsbustadar vil endre verdiane knytt til ulike allmenne interesser. Byggjeområdet er i strid med nasjonale føringar for og interesser i strandsona. Vi har motsegn til BA20.	Motsegna er teke til følgje. Området er fjerna.
B40	Bortnheim har om lag ti minutt køyreavstand til Dale. Vi stiller spørsmål ved behovet for bustadtomter i området, og kva vurderingar som ligg til grunn for å leggje eit bustadfelt i denne grenda. Planforslaget opnar for tre tomter utan	Motsegna er teke til følgje. Området er fjerna.

	<p>plankrav i området. Bortnheim er ei lita grend med intakt jordbruks- og kulturlandskap utan større inngrep. Bustadområdet har ei uheldig plassering på dyrka mark, og som vi rådde frå ved førre høyring. Sjølv om kommunen no har trekt byggeområdet litt vekk frå sjøen, så er det framleis både uheldig og unødvendig å plassere eit bustadfelt i Bortnheim nær kommunesenteret Dale. Byggeområdet er i strid med nasjonale føringar og interesser knytt til strandsona og jordvern. Vi meiner at det ikkje bør plasserast eit bustadfelt her. Vi har motsegn til B40.</p>	
B22	<p>I Flekke er det sett av ytterlegare areal til bustader, B22, som utviding av eksisterande bustadområde. Arealet består av fulldyrka jord og innmarksbeite, og i KU er det konkludert med negativ konsekvens for landbruket. Saman med nytt område for spreidd bustad, SPB 22, vil det omkranse eit større og samanhengande jordbruksområde. Dette er svært uheldig for jordvern og landbruksinteressene, og er i strid med nasjonale føringar og interesser. Bustadområde B22 må i alle fall reduserast og trekkast mot eksisterande bustadfelt.</p> <p>Vi stiller spørsmål om det er reelt behov for å setje av så mykje areal til bustadar i planperioden. Vi har tidlegare oppmoda kommunen om å samle ny busetnad i sentrum i Flekke, men i staden er sentrumsføremål no teke ut av planen.</p> <p>Vi har motsegn til B22; nytt bustadområde må reduserast og tilpassast tomtebehovet.</p> <p>Vi viser til at det i Flekke også ligg inne eit bustadområde B23, som ikkje er bygd ut.</p>	<p>Motsegna er ikkje tek til følgje. Området er i høgste grad tilpassa tomtebehovet og tomteynskjer i Flekke då dette er eit svært attraktivt område med innspel frå svært mange personar både frå innspel, men også etterspørsel direkte til kommunen. Det er sett av eit minimalt område i høve dyrkamark for å kunne få til ei rekkje med bustadtomter langs området som strekk seg frå det opphavlege B22 og til SPB22. SPB22 er fjerna som ei prioritering av områder vi ynskjer bygging på.</p>
SPB21	<p>Her legg ein opp til tilrettelegging for spreidd bustadbygging på overflatedyrka jord. Dette er i strid med føresegnene i kommuneplanen om ikkje å byggje ned dyrka jord. SPB21 ligg ikkje langt unna Flekke sentrum og er i strid med nasjonale føringar og interesser knytt til jordvern. Vi har motsegn til SPB21</p>	<p>Motsegna er ikkje teke til følgje. Grunneigar har vore i kontakt med lokalt landbrukskontor for å få synfara området då han meiner den har feil klassifisering i AR5. Etter synfaringa har landbrukskontoret konkludert med at området ikkje kan definerast som overflatedyrka mark, men som Innmarksbeite. Samt er tal nye bustadeiningar som er opna for i området redusert frå 3 til 1.</p>

SPB20 og SPB22	<p>Det vert opna for etablering av tre nye bustadeiningar i SPB22. Området har ei uheldig plassering og vil saman med bustadområde B22 omkranse eit verdifullt jordbruksområde. SPB22 er i strid med nasjonale føringar og interesser. Det vert i tillegg opna for seks nye bustadeiningar i SPB20. Ut frå behovet er det, slik vi vurderer det, tilstrekkeleg å setje av SPB20 til spreidd bustadbygging i Flekke i planperioden. Vi kan akseptere SPB20 under føresetnad av at SPB22 vert teke ut av planforslaget (motsegn).</p>	<p>Motsegna er delvis teke til følgje. SPB22 er stort sett fjerna, delar med eksisterande bustadtomter er omgjort til bustad. SPB20 behalden.</p>
SPFR1	<p>Byggjeområdet er utan tiltak frå før, og utanom vegen så ligg området eit godt stykke frå andre inngrep. Området ligg nær Lona naturreservat som er sentrert kring nedste delar av Loneelva som renn ut i Breivågen. Vi meiner det både ut frå strandsone-, natur- og landskapsverdiane i tillegg til klimaomsyn er uheldig å opne for tre fritidsbustadar i området. I KU er det opplyst at: «Innbygarane i området er avhengig av transport til jobb og fritidssystemer, men i forhold til fritidsbustader er dette lite relevant». Vi er ikkje samde i at transport i tilknytning til fritidsbustadar ikkje er relevant. Utbygging av hytter generer mykje transport for å kome seg til og frå, men òg når ein oppheld seg på hytta. Samstundes aukar bruksfrekvensen av hytta ved høgare standard. Kommunen bør konsentrere LNF-spreidd fritidsbustadar til eksisterande område, og ikkje ta hol på nye område slik som her. Kommunen har etter vårt syn ein stor nok tomtreserve for fritidsbustadar. Vi har motsegn til SPFR1.</p>	<p>Motsegna er teke til følgje. Området er fjerna.</p>
SPFR4	<p>Det vert opna for seks nye fritidsbustadeiningar i tillegg til dei to eksisterande. Aust for området ligg akvakulturlokaliteten Kyraneset. Det er i kommuneplanen foreslege å utvide arealavgrensinga til lokaliteten, noko som gjer at han vil kome nærare land. Det har kome klage på/pågår ei sak om støy frå eksisterande akvakulturanlegg. Vi ser det som svært uheldig å leggje til rette for ytterlegare utbygging nær akvakulturlokaliteten ut frå gjeldande støysituasjon. Vi har motsegn til SPFR4. Støysituasjonen må avklarast. Området må trekkjast lenger unna akvakulturlokaliteten. Vi viser til den generelle merknaden under avsnittet «Område for LNF-spreidd utbygging» over der vi har peika på at: «I byggjeområda der ulike tema, t.d. støy, naturfare, uteopphaldsareal osv., ikkje er tilstrekkeleg avklarde er det uansett krav om detaljreguleringsplan».</p>	<p>Motsegna er teke til følgje. Området er sterkt redusert, halvdel av området mot aust er teke ut. Grunna redusert område ser vi ikkje hensikt med å avklare støysituasjonen nærare.</p>

SPFR20	<p>Det går fram av konsekvensutgreiinga for byggeområde SPFR20, landskap og strandsoner: «Området er innanfor eit regionalt viktig kulturlandskap, Livra-Tysse, og er lokalisert på eit nes med jord- og skrogbruksareal... Tiltaket er av eit lite omfang, og vil ikkje påverka landskapet negativt» og «Tiltaksområdet er 7 meter frå sjøen... Det vert lagt opp til ei beskjeden utbygging av ein fritidsbustad til og vil dermed ikkje påverke strandsona negativt».</p> <p>Konsekvensen er vurdert som ubetydeleg for både landskapet og strandsona. Planforslaget opnar for at ein kan føre opp ein fritidsbustad under ti meter frå sjøen på eit nes i eit regionalt viktig kulturlandskapsområde. Føremålsgrrensa er byggjegransa. Vi er ikkje samde i vurderinga om at sidan tiltaket er lite av omfang/beskjeden, så vil det ikkje påverke strandsona og landskapet negativt. Isolert sett er det kanskje rett at tiltaket er lite, men det er fleire viktige verdiar her, og argumentasjonen kan nyttast for å bygge ned område som både er meir og mindre verdifulle enn dette. Den samla verknaden av små tiltak kan bli omfattande og uheldige for både landskap, strandsoner og naturverdiar. Vi meiner området ikkje bør setjast av til LNF-spreidd fritidsbustadar. Vi har motsegn til SPFR20.</p>	<p>Merknaden er ikkje teke til følge. Området behaldast, men endrast til BKB- område med spesifiserte føresegnar og plankrav grunna skredfare. Området er også redusert til å berre omfatte bebyggelsen ved sjøen samt ei ynskt hyttetomt. Det er kun opna for ein ny fritidsbustad i området. Vi står ved vår vurdering at det vil bli eit tiltak av lite omfang som ikkje vil påverke strandsona og landskapet negativt. Kulturlandskapet er avhengig av noko busetnad for å bli i vareteke. Her meiner vi at den auka bruken av området vil ha eit positivt utspel på kulturlandskapet. Det er sett strenge føringar på byggehøgder og storleik.</p>
BOP20 og GF20 føresegnar	<p>Området omfattar 14 daa fulldyrka jord, 11,5 daa overflatedyrka jord, 2,1 daa beite og 22 daa skog av særskild høg bonitet. Det er uheldig at det vert liggjande innklemmt eit fulldyrka jordbruksområde mellom eksisterande og nytt byggeområde. Det er konkludert med negativ konsekvens for både landbruk og strandsona i KU. Friområde GF20 må sjåast i samanheng med BOP 20. Som avbøtande tiltak i KU er det ført opp at det berre bør gjevast løyve til sjøretta aktivitetar i den næraste sona langs sjøen, men dette er, og som vi har peika på tidlegare, ikkje følgt opp med krav i føresegnene. Ved førre høyring sa vi at det må gjerast greie for det faktiske behovet for utbyggingsareal, og at : «Det er viktig å ramme inn utbygginga tilstrekkeleg, og leggje føringar for framtidig reguleringsplan, slik at vi ser og forstår verknadane».</p> <p>I GF20 er det opna for å etablere ein 1,5 meter brei tursti på dyrka mark og beite, og det einaste kravet i føresegnene er at: «Turstiar skal vere godt tilpassa terrenget». Det må stillast krav om felles for detaljreguleringsplan for BOP20 og GF20. Vi kan ikkje sjå at føresegnene har føringar for den framtidige reguleringsplanen. Det må innarbeidast utfyllande føresegnar for områda som</p>	<p>Merknaden er teke delvis til følge. Det er satt plankrav på området. Her meiner vi plassering av tiltak vil vere svært avhengig av konsekvens og ser det difor som meir hensiktsmessig å setje strengare føringar for området ut i frå meir detaljert beskriving av bruken som vil komme i reguleringsplan. Vi har difor sett inn fleire punkt under bakgrunn for plankrav slik at dette blir i vareteke der.</p>

	sikrar ulike interesser her slik at vi ser og forstår verknadane. Sjå òg merknadar til føresegnene. Vi har motsegn til områda til dette er på plass	
GF21	Tursti som kan opparbeidast i inntil 1,5 m breidde på dyrka mark, beite og delvis heilt i strandkanten. Etablering av tursti kan gje driftsmessige ulemper for landbruket, t.d. kan det oppstå konflikthar knytt til husdyrbeiting av å etablere ein tursti som i tillegg er i konflikt med fulldyrka jordbruksareal. Føresegnene opnar for at det kan setjast opp ein gapahuk med maks BYA= 30 m2 og mønehøgde på maks 3 meter i tillegg til ein platting på inntil 20 m2 i GF21. Det er uklart kor desse kan setjast opp. Langs vegen kan det opparbeidast ein parkeringsplass med inntil 15 plassar. Vi legg til grunn at det er snakk om langs Hauglandsvegen. Planområdet for vegen er ganske breitt, og omfattar m.a. ei skråning med brunburkne (sårbar, VU) der det kan gjerast stor skade ved evt. sprenging eller fylling. Lenger nordaust er det merka av ei lind (nær trua, NT) i traséen. Vi meiner GF21 er så konfliktfull at området bør takast ut av planen. Det må i alle fall stillast krav om detaljreguleringsplan for etablering, slik at ulike omsyn og interesser kan ivaretakast. Slik planen no er utforma, ser vi det naudsynt å fremje motsegn.	Merknaden er delvis teke til følgje. Området er delt opp i GF, BKB og SP med meir spesifiserte føresegner. Slik får ein styrt både plasseringa av tiltak betre samt storleiken og konsekvensen av tiltaka.
FT61	Naturverdiane i vika skal undersøkast og det skal ikkje fyllast ut i vassdraget. Inngrepa i planframlegget strir med moderande tankegang og prinsipp når det gjeld friluftsliv.	Merknaden er teke til følgje. Det er sett inn føresegn om at naturverdiane i vika skal undersøkast og det skal ikkje fyllast ut i vassdraget.
Råstoffutvinning	Som vi har peika på tidlegare saknar vi ei vurdering av behovet for nye massetak i planperioden. Kva konkret er føremålet med masseuttaka, og kva behov er det for massar? Vi har òg sagt at: «Vi legg til grunn at kommunen gjer nærare greie for behovet i planomtalen». Vi finn ikkje ei slik vurdering. Det er ein mangel ved planforslaget.	Merknaden er teke til følgje. Det er lagt inn ei vurdering i planskildringa.
RU21	Det er uklart kva som skal skje med vassdraget innanfor planområdet. Ytterlegare lukking av vassdraget må ikkje skje. Sjølv om eit vassdrag har fysiske inngrep er det ikkje av mindre verdi. Ein bør alltid vurdere vassdraget ut frå opprinneleg tilstand (upåverka). Attverande kantvegetasjon må ikkje fjernast. Vi viser til gjeldande lovverk for fjerning av kantvegetasjon og fysiske tiltak i og langs vassdrag. Avrenning frå råstoffuttaket kan ha negative konsekvensar for laksefisk på anadrom strekkje. Ut frå §§ 2.6 d. og e. i føresegnene forstår vi det	Merknaden er teke til følgje. Myrområdet er lagt til LNF og kantvegetasjon er sikra i føresegn.

	<p>som at det er krav om detaljreguleringsplan for området, og at kantvegetasjonen skal sikrast der. Myrområdet bør takast ut av planområdet, det må uansett skjermast mot inngrep.</p>	
RU60 og RU61	<p>Vi stiller framleis spørsmål ved kvifor det er behov for to massetak på same eigedomen, og meiner det ikkje er gjort godt nok greie for i planforslaget. Ifølgje KU skal RU61 vere til eige bruk, medan RU60 skal vere til både sal og eige bruk. Både RU60 og RU61 er konfliktfulle og har uheldige plasseringar. RU60 består i heilskap av innmarksbeite som blir sterkt forringa av tiltaket. Konsekvensen er vurdert til delvis negativ. RU61 er noko redusert etter førre høyring, og ligg minst 15 meter frå Kalstadelva, men utanom beite av høgare verdi. RU61 er i KU vurdert til å ha negativ konsekvens for strandsona, og det går fram at det: «kan føre til ureining i vassdraget, i tillegg til at det er i konflikt med vernestatusen for Flekke og Guddalsvassdraget». Det held ikkje å avgrensa området for å hindre avrenning sidan det er lite vegetasjon igjen langs vassdraget. Det andre relevante avbøtande tiltaket som er nemnt for vassdraget er: «Det må takast omsyn til vassdraget under drifta for å unngå unøydige konsekvensar for vassdraget». Korleis? Det må stillast krav om at kantvegetasjonen skal reetablerast langs RU61 før uttak, som eit avbøtande tiltak for hindre at sand frå uttaket hamnar i elva. Inntil dette er gjort, ser vi det naudsynt å fremje motsegn.</p>	<p>Motsegna er teke til følgje. Det er sett krav om at kantvegetasjonen skal reetablerast langs RU61 før uttak og at ein kan maks ta ut 25 m² i året.</p>
N22	<p>Det er positivt at kommunen vil bruka sandtaket til næringsføremål, i staden for å ta i bruk eit nytt område, men arealet må reduserast. Myrområdet må (motsegn) takast ut av planområdet. Kva er planane for ytterkanten av planområdet der plangrensa går inntil vassdraget? Vi viser til gjeldande lovverk for fjerning av kantvegetasjon og fysiske tiltak i og langs vassdrag. Gjenverande kantvegetasjon langs vassdraget må ikkje fjernast, jf. § 11 i vassressurslova. Det er meir negativt med eit sandtak over anadrom strekning enn eit næringsområde. Sanden kan klogge til gytegroper i nedre del av bekken. Kan sjå samling av sand like ved utløpet til vassdraget på flyfoto av nyare dato. Det er sannsynlegvis gyteområde for laks og sjøaure i nedre del av vassdraget.</p>	<p>Motsegna er teke til følgje. Myrområde er fjerna frå området og kantvegetasjon er sikra i føresegn.</p>
N40	<p>Området er sett av til eksisterande næringsområde. Området utvida/endra etter andre gongs høyring. Vi kan ikkje sjå at det er gjort greie for</p>	<p>Merknaden er teke til følgje. Området er konsekvensutgreidd.</p>

	utvidinga/endinga. Dette er ein mangel ved planforslaget, og vi kan derfor ikkje ta stilling til utvidinga/endinga.	
N41 og N42	<p>Område N41-42 er vesentleg utvida etter andre høyring. Området der det føregår næring per i dag utgjør berre ein liten del av byggjeområdet. Konsekvensutgreiinga summerer opp at: «Tiltaket har delvis negativ konsekvens for landskap, strandsoner, naturressursar, naturressursar og klima på grunn av terrenginngrepa som gir eksponering mot utbygde område, og i forhold til skogen som vert forringa. Vassdraget kan bli negativt påverka, og utbygging av skogsområde gir negativt klimautslepp». I tillegg kjem det fram at: «I høve samfunnstryggleik har området stort potensiale for trafikkulukker og området er dermed vurdert som svært sårbart for samfunnstryggleik».</p> <p>Tilkomstvegen er opplyst å vere i smalaste laget for tungtransport, og svært uoversiktleg. Det renn ein bekk igjennom området, og det er sagt at han «bør vurderast opp mot flaum». Kva kjem til å skje med bekken? Kva er tenkt? Skal bekken sikrast ved å kanalisere eller gjere fysiske inngrep i han? Bekken er knytt til anadrom del av vassdraget, og kan vere funksjonsområde for laksefisk. Vassdragstiltak skal vurderast etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag av Statsforvaltaren (anadrom strekning) eller fylkeskommunen (ikkje-anadrom strekning). Konesjonsplikt etter vassressurslova skal vurderast av NVE. Når kommunar skal gjere vurderingar for handtering av overvatn skal kommunen vurdere naturbaserte løysingar. Sjå nettsak:https://www.statsforvalteren.no/vestland/miljo-og-klima/vatn/tiltak-i-vassdrag-kan-vere-soknadspliktig/. Ifølgje konsekvensutgreiinga kan vassdraget bli negativt påverka. Det er uklart kva næring som er planlagt her. Som avbøtande tiltak i KU er ført opp at: «Gjennom reguleringsplanen må det sikrast at det ikkje vert avrenning av finkornige massar som negativt kan påverke leveområda for fisken» og at: «Det må takast omsyn til vassdraget». Korleis? Arealbruken må vere tilstrekkeleg utgreidd på kommuneplannivå til at vi ser og forstår verknadane av forslaget, og kan ta stilling til om området er eigna for føremålet. Utover dette vil vi peika på at område N41-42 i tillegg heller ikkje er tilstrekkeleg utgreidd for næring når det er krav om at trafikktryggleiken skal utgreiast i reguleringsplan. Vi ser at utvidinga av</p>	Motsгена er delvis teke til følge. Området er justert slik at avgrensinga ikkje går ut i bekken Likkjegroa eller inn på naboeigedommane. Trafikktryggleiken er ytterlegare sikra i føresegnene og vi anser trafikktryggleiken som avklart.

	byggjeområdet er uheldig for fleire av interessene vi skal ivareta, og krev derfor at byggjeområdet vert redusert (motsegn) slik at byggjeområdet kjem mindre i konflikt med interessene vi skal ivareta. Vi vurderer at nærleiken til vassdraget er særleg konfliktfullt.	
AB-områder	Vi meiner det må stillast krav om at AB-områda som ligg i tilknytning til desse områda skal inngå i reguleringsplanen for dei respektive områda. Kommunen må stille krav (motsegn) om detaljreguleringsplan for å ha god nok kontroll på utviklinga av AB-områda. For AB-områda som ligg i tilknytning til SH-område må det vere krav om felles plan for AB-/SH-område.	Motsegna er delvis teke til følgje. I føresegnene er det lagt inn ytterlegare krav til utforming innanfor naustområda. Desse er grundige og tek dei omsyna som er reguleringsplan kunne sikra slik vi ser det. Med dette tiltaket stiller vi oss mot kravet om å setje plankrav på alle AB-områder. Områder som litt i nær tilknytning til SH-områder eller andre relaterte byggjeområder har vi valgt å setje plankrav for å sikre heilskapleg planlegging.
AB7	Vi kan ikkje sjå at det er behov for eit så stort område til to nye naust, og krev (motsegn) at arealet vert redusert og avgrensa til eit mindre område kring eksisterande naust.	Motsegna er ikkje teke til følgje. Ut i frå det lokale terrenget er det berre eit par områder innanfor det aktuelle området som er eigna til å byggje naust på. Dersom ein reduserer formålet risikerer ein naust på eit område som ikkje er eigna for det og som kan få større terrenginngrep enn nødvendig.
AB23	Vi krev (motsegn) at føremålsavgrensinga i sør vert trekt nord til eigedomsgrensa for å unngå tiltak i gruntområdet, jf. § 2.9.1 e. For gruntområdet utanfor eksisterande naust, sjå merknadar til føresegnene	Motsegna er teke til følgje. Området er redusert og det er sett inn byggegrense som styrer plasseringa av nye naust.
SH-områder	Nokre av områda som er avsett til føremålet er framleis store, og det er uklart korleis ein ser for seg utviklinga av desse og om alle omsyn blir tilstrekkeleg ivaretekne. Vi meiner at områdeavgrensinga for følgjande område for småbåthamner bør reduserast: SH7, SH9 og SH5 (SH17) og SH22 (i sør) (SH23/AB22).	Motsegna er delvis teke til følgje. Område SH7 er teke ut av planen. SH9 og SH5 har ikkje fått ikkje redusert område, men SH9 har fått skjerpa føresegner. SH22 er redusert i sør.
SH7	Vi har tidlegare sagt vi er kritiske til SH7. Ifølgje konsekvensutgreiinga, tema strandsona, skal det: «opparbeidast gangsti til hamna utan terrenginngrep». Under temaet «landskapsbilete» er det opplyst at moloen er utbygd og det er	Motsegna er teke til følgje. Område SH7 er teke ut av planen.

	<p>opparbeidd veg til området. Ut frå flyfoto kan vi ikkje sjå at det er opparbeidd veg til området, men vi ser at det ligg ei mindre flytebryggje her langs ein mindre molo nord i området. Kommunen har tidlegare gjeve dispensasjon for flytebryggje på inntil 16 plassar i området, men etter det vi forstår vart dispensasjonen gjeve så langt tilbake som til i 2013. Det er lagt vekt på dispensasjonen som er gjeven i konsekvensutgreiinga: «Oppsummering Tiltaket har ubetydeleg konsekvens alle miljøtema pga. at det er gitt konsesjon og avbøtande tiltak er innarbeidd i det vedtaket». Etter § 21-9 i plan- og bygningslova gjeld dispensasjonar i tre år. Dispensasjonen som vart gjeven i 2013 gjeld derfor ikkje lenger, og det kan ikkje leggjast vekt på han. Tiltaket er i strid med nasjonale interesser knytt til strandsona når det gjeld naturmiljø, landskap, friluftsliv og andre allmenne interesser. Det er relativt få inngrep i strandsona her. Det er uheldig å øydelegge eit naturområde som ligg inntil eit anne verdifullt gruntvassområde. Dei avbøtande tiltaka gjev klart peikepinn på at det ikkje er usannsynleg at det kan bli store inngrep på land i tillegg, jf. «Det skal ikkje etablerast båtopptrekk eller lager for båtar og utstyr i området. Dersom det på siktvert aktuelt med utviding av tal båtplassar, båtopptrekk, lagerplass, naust eller liknande bør det utarbeidast reguleringsplan. Då bør ein og vurdere om det kan vere aktuelt med eit felles anlegg for eit større område enn sjølve hyttefeltet». Når det gjeld hyttefeltet viser vi til merknadar knytt til dokumentet «Vurdering av reguleringsplanar». Vi har motsegn til område SH7.</p>	
SH9	<p>I KU er det vurdert at det er behov for å utvide småbåtanlegget. Vi konstaterer at det er plankrav for området dersom det skal etablerast ny felles flytebryggje i området. Ev. ny felles flytebryggje må lokalisrast til den nordlegaste delen av området. I KU under strandsona står det: «Det er ikkje veg fram til området, og slik bør det forbli for å unngå meir utbygging av strandsona». Som eit avbøtande tiltak i KU er sett: «Etablere gangsti ned til båthamn». Kommunen må syte for å innarbeide dei avbøtande tiltaka som er nemnde i konsekvensutgreiinga, jf. merknadar til føresegnene.</p>	<p>Merknaden er teke til følgje. Det er sett inn føresegn som er i samsvar med avbøtande tiltak i konsekvensutgreiinga. Det er sett plankrav på området.</p>
SH21 og AB21	<p>Utdrag av konsekvensutgreiinga: «Området er i nærleiken av eit delta som er relativt intakt, og elvedelta som landskapsform er det sjeldan å finne urørte på Vestlandet i dag. Ei utbygging her vil endre landskapet kring deltaet, men ikkje sjølve deltaet.... Lite, men relativt urørt brakkvassdelta (ein mindre vanleg</p>	<p>Motsegna er delvis teke til følgje. SH-området er teke ut og AB- området er redusert</p>

	<p>naturtype) med funn av raudlista art gir verdien B (viktig). Det er truleg atområdet også er eit viktig hekke- og leveområde for fugl. På grunn av avstanden frå byggeområde til deltaet er det vurdert at deltaet ikkje vert påverka direkte.... Området er tilgjengeleg. Det er etablert ein bryggje innanfor området, og grensar til skule og eit naust. Tiltaket er å ansjå som fortetting og såleis ikkje råkar nye område». Området ligg ved/i nasjonal laksefjord og er lokalisert på nordaustsida av SH23/AB22 rett i utkanten av brakkvassdeltaet der Stavedalselva, som er eit anadromt vassdrag, renn ut. Deltaet er registrert som svært viktig i naturbasen (A-lokalitet). Vi er ikkje samde i at tiltaket er å rekne som fortetting. Vi er kritiske til å opne for ny(e) flytebryggje(r) her særleg ut frå at det alt ligg eit flytebryggjeanlegg på motsett side av vika og nærleiken til deltaet og gruntvassområda. Vi har motsegn til område SH21/AB21.</p>	
BA1 og SH12	<p>Det er uklart om planen opnar for nye tiltak i BA1 og SH12. Vi ser av konsekvensutgreiinga for BA1 og SH12 at: «Området er allereie lagt til rette for kai, og det er ynskje om å setje dette av til eksisterande bruk». I oppsummeringa i KU finn vi at: «Tiltaket har ubetydeleg konsekvens for alle miljøtema fordi området er utbygd, og det blir ikkje lagt opp til nye eller andre tiltak. Bruken vil vere den same». Samstundes står det under avbøtande tiltak i KU at: «Ved nye tiltak må området vurderast i forhold naturfare og kulturarv. Byggjegrænse mot sjø må setjast i plankartet». Føresegnene opnar for BYA=40 % samstundes som det ikkje er plankrav for i BA1. Dersom det er planlagt nye tiltak i området må det stillast krav om detaljreguleringsplan. For SH12 er det plankrav dersom det skal byggjast molo, eller dersom eit eller fleire av krava i § 6.4a. ikkje er oppfylte. Vi vil understreke at det er krav om detaljreguleringsplan for ev. nye tiltak i BA1. Naturfare er ikkje avklart samstundes som kommuneplanen ikkje opnar for nye tiltak. Dersom det er aktuelt med nye tiltak i områda legg vi til grunn at kommunen stiller krav om felles reguleringsplan, slik at ein får sett områda i samanheng.</p>	<p>Merknaden er teke til følgje. Det er tydeleggjort kva som er planlagt i området. Det er satt eit samla plankrav for områda.</p>
FT1	<p>Vi finn det same for FT1, der det går fram at: «Tiltaket har ubetydeleg konsekvens for alle miljøtema fordi området er utbygd, og det blir ikkje lagt opp til nye eller andre tiltak. Bruken vil vere den same». Samstundes skriv kommunen under avbøtande tiltak: «Ved nye tiltak må naturfarane vurderast». Vi vil understreke at det er krav om detaljreguleringsplan for ev. nye tiltak.</p>	<p>Merknaden er teke til følgje. Det er sett plankrav der naturfare er sett som bakgrunn for plankravet.</p>

	Naturfare er ikkje avklart samstundes som kommuneplanen ikkje opnar for nye tiltak.	
Samferdslelinjer	Det kjem ikkje fram av plankartet at linjene for moglege framtidige vegtraséar ikkje er juridisk bindande, dette må rettast opp i.	Merknaden er teke til følge.
VA-områder	<p>Det går fram av kap. 7.9 i konsekvensutgreiinga (KU) at: «Hovudpoenget med å utvide lokalitetane er å gje næringa moglegheiter for å endre anleggstype, nytte ny teknologi eller justere plassering av anlegget for å oppnå betre drifts- og/ eller miljøforhold». Avgrensinga av dei eksisterande akvakulturområda er ikkje i samsvar med dei klarerte ytterpunkta basert på lokalitetsklarering registrert i akvadatabasen, og som blir oppdatert ein gong i døgnet. Gjeld fleire (alle områda?), sjå døme VA20 Hegnes, VA40 Bortheim og VA42 Kvamen. Kva er tenkt for desse områda? Kva med ferdsels- og fiskeforbodssonene kring anlegga? Ligg desse utanfor akvakulturområda, i område som er avsett til anna føremål? Det må innarbeidast generelle føringar om marint naturmangfald. Det må stillast krav om meir kartlegging ved endringar/utvidingar på framtidig areal, jf. funn av korallførekomstar ved område VA7. Alle lokalitetar med bratt utspring til fjorden har potensiale for korallførekomstar. Rammer for ev. vidareutvikling er viktig. Kommunen må arbeide vidare med føresegnene for områda, for å sikre at ulike interesser vert ivaretekne. Dei avbøtande tiltaka i KU må sikrast i føresegnene. I planforslaget legg ein som nemnt opp til vesentleg utviding av eksisterande oppdrettslokalitetar. Fjaler har viktige vassdrag, t.d. Flekke/Guddalsvassdraget og Dalselva/Storelva. Kommunen må, ved planlegging av bruken av sjøareala, vise til nasjonale og regionale rammer, tilstand og utfordringar som gjeld for naturmangfaldet i sjøen og legge vekt på dei økologiske funksjonane og tilstanden til naturmangfaldet i sjø, ved eventuell utviding av oppdrettsverksemd. Planen må setje rammer og gje tilstrekkelege føringar, slik at sikrar at sjøområda vert nytta slik at ein oppfyller nasjonale mål for berekraft. Konsekvensutgreiinga må òg vise om arealbruken som ligg inne i planen er eigna til dei føremåla det vert opna for. Vi kan ikkje sjå at det er tilstrekkeleg vurdert om utvidingane kjem i konflikt nasjonalt viktig naturmangfald som t.d. områdemed korallar, villaks, beiteområde for sjøaure, hekkeområde osb.</p>	<p>Merknaden er delvis teke til følge. Avgrensinga av dei eksisterande lokalitetane er justert til å stemme med dei klarerte ytterpunkta. Med omsyn til ferdsel- og fiskeforbod kring anlegga er det no lagt inn eit føresegnsområde kring alle lokalitetane samt utvidingsområde for å hindre interessekonflikt. Området innanfor sona er konsekvent lagt ut til BVS-formål.</p> <p>Etter innspel frå statsforvaltaren etter avklaringsmøte har vi lagt inn ytterlegare føringar på marint naturmangfald. Dei avbøtande tiltaka i KU er no sikra i føresegnene. Vi har også supplert konsekvensutgreiinga for VA-områda på eit par punkt.</p> <p>Nesten alle akvakulturområder er betydeleg redusert i storleik. Ved reduseringa er det fokusert på eit auka omsyn til friluftsliv, naturmangfald, støy og ferdsel hovudsakleg. Dette gjev redusert konsekvens for fleire av miljøtema (ikkje oppdatert i tabell). Med alle desse større endringane meiner vi omsynet til miljøtema er godt nok ivareteke igjennom arealplanen.</p>

	<p>For forslaga om utvidingsområde kring eksisterande anlegg er det argumentert med at: «Etableringa er likevel i samsvar med avsett arealbruk til akvakultur i overordna plan for dette området i kommuneplanen, og akvakultur har såleis ein viss forrang framfor annan bruk av dette området». Vi forstår ikkje argumentet. Vi finn det naudsynt å knyte motsegn til planen ut frå korleis naturmangfaldet i sjø er utgreidd, vurdert og sikra. Delar av utvidingsområda er elles i strid med § 7.2.1 i føresegnene der det går fram at: «Innenfor områda må det ikkje setjast i gang tiltak som kan svekke eksisterande og framtidig tilrettelegging og bruk av områda til friluftsliv og rekreasjon». KU er tydeleg på at det er motstrid for delar av fleire område. Dette er uheldig. Dei nye områda er store, jamt over større enn dei eksisterande områda, og legg beslag på mykje sjøareal som ikkje lenger vil kunne nyttast av allmenta på same måte som tidlegare. Områda bør reduserast.</p>	
VA2	<p>Det er to lokalt viktige blautbotnområde i strandsona i området. Lokalitetane er sett av med omsynssone naturmiljø på plankartet, og synlege på flyfoto, men ikkje nemnt i KU. Det er i tillegg modellert tare i området. Ein opnar her for produksjon på sikt, som vil gje auka utslepp med moglege auka utslepp til sårbare marine naturtypar (blautbotn og tareskog). Vi understreke at tareførekomstane langt inne i fjordane er ekstra viktige for beitande fisk, og meir sårbare enn lenger ut. Sjølv om dei er del av store førekomststar er det derfor særleg viktig å ta vare på dei, og det kan ha vesentleg konsekvensar for naturmangfaldet at dei vert forringa.</p>	<p>Merknaden er teke til følgje. Konsekvensutgreiinga er supplert på tema naturmangfald. Området er redusert.</p>
VA4	<p>Det ligg eit blautbotnområde i strandsona her òg, men det er lenger avstand samanlikna med blautbotnområde nær VA2. Stortareskogførest, utvidinga fører til at området kjem nærare tareskogen. Her opnar ein for produksjon på sikt, som vil gje auka utslepp med moglege auka utslepp til sårbare marine naturtypar (blautbotn og tareskog), sjå merknad til VA2. Det er kort avstand til Loneelva og Sageelva med anadrom laksefisk. Ved ev. auka biomasse på eit seinare tidspunkt når ein har auka arealet, kan ein forvente noko auka dødelegheit for laksefisken i området.</p>	<p>Merknaden er teke til følgje. Konsekvensutgreiinga er supplert på tema naturmangfald. Området er redusert.</p>
VA6	<p>Området kan ha potensiale for korallar, dette må undersøkast. Det finst korallar lenger inne i fjordsystemet. Loneelva og Sagaelva med anadrom laksefisk ligg i nærleiken. Ved auka biomasse på eit seinare tidspunkt etter at</p>	<p>Merknaden er teke til etterretning. Supplert føresegn tek omsyn til dette.</p>

	<p>ein har auka arealet, kan ein forvente noko auka dødelegheit for laksefisken i området. Her opnar ein for produksjon på sikt, som vil gje auka utslepp med moglege auka utslepp til sårbare marine naturtypar (tareskog), sjå merknad til VA2.</p>	
VA8	<p>Vi er kjende med at det er utfordringar knytt til både støy og lys i samband med alt eksisterande anlegg. Ev. utviding av arealet vil føre til fleire arbeidsoperasjonar som kan føre til auka støy i området. Vi viser til merknadar med motsegn til område SPFR4. Det er ikkje tett tareskog ved lokaliteten, dette er kartlagt og var eit krav ved siste utviding. Det er registrert korallar i området. Det minkar under anlegget, det er òg sett på innsida av anlegget, men der er det eit heilt anna miljø (annan type botn). Det er registrert enkeltførekomstar på innsida av neset. Ute på tuppen av neset er det masse koraller. Korallene vert overvaka. Det å utvide arealet kan vere negativt for korallane på neset. Arealet må reduserast i nord-austleg del (motsegn), der det er levande truga korallar (sjøtre (NT) og Anthomastus grandiflorus (NT)). Dersom ein flyttar anlegget nærare neset kan dei kjende korallførekomstane bli øydelagde.</p>	<p>Merknaden er teke til følge. SPFR4 og VA8 er vesentleg redusert begge slik at det ikkje lenger skal vere noko konflikt mellom områda. VA8 er i hovudsak redusert i samsvar med motsegna grunna omsyn til korallførekomsten. Samt tek supplerte føresegner ytterlegare omsyn til naturmangfald i sjø.</p>
VA9	<p>Ifølgje føresegnene skal området brukast til produksjon av makroalgar til konsum. Under føresetnad av at det berre skal produserast algar ved lokaliteten har vi ikkje innvendingar til området, men på grunn av viktige naturverdiar vil det stille seg annleis dersom det kjem fiskeoppdrett med stadig besøk av folk.</p>	<p>Merknaden er teke til orientering.</p>
VA10-15	<p>VA10 og VA13 er sett av til eksisterande område og til saman 60,8 daa, medan dei fire andre områda er nye og til saman 232,1 daa. Vi var kritiske til område VA5 ved andre høyring, vi viser til fråsegna og står fast ved det vi sa der. Naturmangfald er ikkje kartlagt eller gjort meir greie for enn ved førre høyring. Området har ein del naturkvalitetar, men er ikkje undersøkt. Vi er kjende med at det mellom anna hekkar sårbare artar nær området. Området har potensiale for funn av korallar. Dette må undersøkast. Ved oppdrettsanlegget på Kyravika (VA7) er det funne diverse korallar. Anlegget ligg rett over/oppå det tettaste som er funne så langt, men det kan vere meir i området. Det er fleire bratte veggjar i denne delen av Dalsfjorden, og som derfor har potensiale for korallar ut frå straum og topografi. Det er uklart kva som er tenkt og kor stort behovet for areal er. Det er opplyst at «Det er sett av eit mykje større areal enn det</p>	<p>Merknaden er ikkje teke til følge. Området er ikkje endra frå førre høyring, men området har fått supplerte føresegner. Omfanget av utfylling vil bli avklart i reguleringsplan ut i frå ei grundig konsekvensutgreiing med meir grundige undersøkingar på naturmangfald. Heile området har plankrav, og det er ein føresetnad at utstrekning, bruk av området og konsekvens for nærliggande registrerte og potensielle verdiar vert utgreidd, vurdert og avklart i reguleringsplan. Vi er usamd i motsegn og meiner området er godt nok</p>

	<p>behovet for utfylling er,..». Konsekvensane og omfang av utfylling er ikkje gjort tilstrekkeleg greie for. Omfattande utfylling i sjø-/strandområde og etablering av akvakulturanlegg vil kunne gje negative verknadar for sjøauren i fjorden. Vi har ikkje grunnlag for å ta stilling til den føreslegne arealbruken. Utfordringa her er at ein ikkje har tilstrekkeleg oversikt over kva for og kor store verdier som kan gå tapt. Då det er eit svært stort areal, må det avgrensast når området er nærare utgreidd. På grunn av manglande utgreiingar veit ein ikkje kor innan det 232 daa store området det vil vere best å etablere ulike tiltak. For å unngå for store inngrep bør ein iallfall avgrense arealet til sør for Lyngneset. Vi har motsegn til VA10-VA15.</p>	<p>utgreidd på dette plannivå, og at resterande utgreiingar og vurderingar kan takast på reguleringsplannivå når utstrekning av tiltak er meir avklart.</p>
VA16	<p>Myrebærskjera naturreservat er eit av sjøfuglreservata som har klart seg best gjennom perioden med næringsmangel etter hundreårsskiftet. Sjølv om hekkebestandane også her er langt mindre enn før det generelle samanbrotet for sjøfugl rundt Nordsjøen, er det spesielt viktig å sørge for at verneverdiane ikkje blir påverka i negativ lei i dei «høgkvalitetsområda» som dei sterkt reduserte sjøfuglbestandane no er konsentrert i. Hekkinga her er betre enn mange andre plassar. VA16 ligg på det næraste berre 10-20 meter frå grensa for Myrbærskjera naturreservat, og på det næraste er avstanden frå hekkeplassane til akvakulturområdet berre 38 meter. Erfaring frå teljingar som er gjort årleg i Sogn og Fjordane gjennom nær 20 år, viser at dei mest talrike artane på Myrbærskjera (særleg gråmåse) reiser seg og forlèt reiret når båtar kjem innanfor ein avstand på om lag 250 meter. Det betyr at dei blir uroa på lenger avstand enn dette, men det har vi ikkje målingar av. I Sogn og Fjordane, der bestandsutviklinga i sjøfuglreservata er best undersøkt, er det for tida berre 4 (av totalt 57) sjøfuglreservat som har akvakulturanlegg nærare enn 1000 meter. Minsteavstand mellom ytterkant av akvakultuareal og ytterkant av sjøfuglreservat bør minimum vere 500 meter, men dette gjeld for indre skjergardsområde der fuglane er vande til noko ferdsel på sjøen, og det ligg andre holmar mellom reservatet og akvakulturanlegget. I opne sjøområde som dette rår vi til ein avstand på 1 km ut frå føre-var-paragrafen i naturmangfaldlova § 9.VA16 vil med føreslått lokalisering øydelegge grunnlaget for Myrbærskjera naturreservat, på grunn av støy og ikkje minst menneskeleg aktivitet knytt til m.a. tilsyn, stell, vedlikehald og avlusing. Myrbærskjera er eit</p>	<p>Motsegna er teke til følgje. Området er fjerna.</p>

	<p>av dei hekkeområda på Vestlandet som har klart seg best gjennom perioden med sterk nedgang i sjøfuglbestandane. Reservatet er hekkeområde m.a. for dei raudlista artane tjeld (NT), fiskemåse (VU), gråmåse (VU), teist (NT) og makrellterne (EN). Dagens store oppdrettsanlegg bør liggje minst 1 km frå grensene til sjøfuglreservat. Vi har motsegn til VA16.</p>	
VA21	<p>Hegnes ligg innanfor nasjonal laksefjord. Planforslaget opnar berre for arealmessige endringar av anlegget. Dette må gå fram av føresegnene. Anadromt vassdrag på andre siden av fjorden av lokaliteten, Rivedalselva. Området ligg nær utvandringsruta for laksefisk i Flekke-Guddalvassdraget og Rivedalselva.</p>	<p>Merknaden er teke til orientering. Området er redusert.</p>
Samla påverknad VA-områder	<p>Jf. kap. 7.9 i KU: «I framtida, dersom næringa eventuell vil søke om auka produksjon, må det gjerast grundige vurderingar som ikkje ligg til dette plannivået, men ut i frå avklaringar gitt av KMD for Alver kommune, juni 2021 (no KDD) og i samband med andre kommuneplaner, er tema rundt akvakultur tilstrekkeleg utgreidd». Det vert konkludert med at: «Vidare undersøkingar og utgreiingar for akvakultur takast som ein del av søknadsprosessen etter akvakulturlova». Dette grunnlaget er ikkje godt nok, vi viser til avgjerda til Sivilombodet, sak 2022/1377 den 14.10.2022. Slik vi ser det, er det ikkje gjort tilstrekkeleg greie for korleis utvidingane av akvakulturområda i planforslaget vil ha for heile fjorden under eitt når ein ser på den samla verknaden på natur og miljø i fjorden. Det er viktig at risikoen for negativ verknad for villaks og sjøaure ved smitte av lakselus, sjukdom og rømt fisk frå akvakulturanlegga vert er tilstrekkeleg utgreidd. Planen manglar gode nok utgreiingar og vurderingar av marint naturmangfald og den samla belastninga for naturmangfaldet i fjordsystemet. Planen kan kome i konflikt med økologiske funksjonsområde for fisk og med dei særlege omsyna som følgjer av Kvalitetsnorm for ville bestandar av atlantisk laks. Vi meiner det ikkje er gjort godt nok greie for den samla belastninga utvidingane vil kunne medføre. Vi har ikkje godt nok grunnlag for å ta stilling til utvidingane som er føreslege. Vi har motsegn til område VA2, VA4, VA6 og VA21 ut frå dette. Vi har òg motsegn til områda VA8, VA 10-15 og VA16 på grunn av dette, men her har vi òg motsegn ut frå andre forhold, sjå over.</p>	<p>Merknaden er delvis teke til følgje. Vi viser til samla kommentar til VA-områder over. Med alle desse større endringane meiner vi den samla påverknaden er godt nok utgreidd igjennom arealplanen.</p>

	Planforslaget er og til dels tvitydig når det gjeld kva som er meint i dei ulike utvidingsområda. Vi får inntrykk av at det blir opna for utvidinga av biomasse i områda VA2, VA4, VA6 og VA8, samstundes som vi får inntrykk av at utvidingane er for å leggje til rette for å betre driftsvilkår, og at det er fleksibiliteten som utvidingane gjev som er viktige.	
BFR41	Rår til å justere byggegrense mot vassdrag slik at nye bygningar ikkje kan førast opp nærare vassdrag enn det som er i dag.	Merknaden er teke til følge. Området er fjerna, opnar ikkje for nye.
Forkestad del av gbnr 278/8 og 11	Vi krev (motsegn) at byggjegrensa på dei enkelte tomtene vert trekt tilbake slik at det ikkje kan førast opp bygningar nærare sjøen enn det det alt er gjort på kvar tomt.	Motsegna er teke til følge. Byggegrense er lagt inn
Steiestølen H2	Vi rår til å ta ut dei fire tomtene i Haugen 2 med tilhøyrande vegtilkomst. Området ligg for seg sjølv, og er lokalisert slik at ev. utbygging kan ha uheldige landskapsverknadar. Vi meiner det er uheldig å vidareføre ein reguleringsplan der det ikkje har skjedd noko sidan planforslaget vart godkjent for 13 år sidan. Vi stiller spørsmål ved aktualiteten til reguleringsplanen	Merknaden er teke til følge. Aktuelt område er tilbakeført til LNF.
FV 393	Kommunen må avklare om føresegnene i reguleringsplanen sikrar at det vert teke tilstrekkeleg omsyn til avrenning ved ev. realisering av planen, ev. må dette sikrast i arealdelen.	Merknaden er teke til følge. Føresegn leggst inn.
Lutelandet industri	Vi er ut frå gjeldande klimaretningsliner kritiske til vidareføring av denne utan ein meir fullstendig gjennomgang i lys av berekraftmåla. Det er 263,3 daa myr i utbyggingsområdet i planen der 100 daa av dette er djupmyr og resten av myrområdet er av ukjent djupne. Ei utgraving av alt myrområde vil medføre svært store klimagassutslepp. Vi rår sterkt til at det vert kravt revisjon av gjeldande plan, med sikte på å ta ut myrareal som ikkje er strengt naudsynte byggje ut.	Merknaden er ikkje teke til følge. Utbygging på Lutelandet vil mulig medføre store klimagassutslepp, men området er svært viktig i utvikling i langsiktig klimavenleg industri. Vi har og har hatt kontakt med fleire aktørar som ynskjer å utvikle industri som vil vere eit såpass positivt klimatiltak at vi anser dette som å vege opp for dei klimautsleppa som utbygginga medfører. Fjaler kan ikkje miste dette svært viktige næringsområde, både ut i frå interesse i området, men også ut i frå mangel på alternative næringsområder.
ROS	Avslutningsvis gjer vi for ordens skuld merksam på at NS 5814:2008 er erstatta av NS 5814:2021 sidan NS 5814:2008 Krav til risikoanalyser er lista opp under referansar og kjelder sist i ROS-analysen.	Merknaden er teke til følge. Dette er lagt inn.

